



Møtebok for Vestre Slidre fjellstyre

Sak nr 22/2010

Møtedato: 28.4.10

Møtestad: Slidretun

Arkiv nr:

Mindre endring av reguleringsplan for Øvre Stubbiset

Frå Vestre Slidre kommune har fjellstyret fått oversendt følgjande brev om mindre endring av reguleringsplan til uttale:

Vestre Slidre kommune har motteke ein søknad frå Vaset Utbyggingsselskap AS om ei mindre endring av reguleringsplan for Øvre Stubbiset hyttefelt, jf vedlegg 1 og 2. Denne søknaden talar for seg sjølv, det er snakk om å flytte ein atkomst inn på ei hyttetomt (tomt 19) då ein meiner den vert for bratt slik den er planlagt. Saksbehandlar går difor rett på ei vurdering av denne saka.

Vurdering: Saksbehandlar ser dette som eit litt typisk tilfelle. Ofte er det slik at ein ser når ein plan vert gjennomført, at små justeringar av atkomst, tomtegrenser og liknande med fordel kunne vore planlagt noko annleis. Dette er moment som er vanskeleg å sjå på sjølve reguleringsplanen, eller at ting ikkje vert tenkt på. Som det går fram av søknaden, er det sett av eit friområde i reguleringsplanen for å unngå å få eksisterande vatn-og avlaupsleidningen inn på tomt. Dette er fornuftig tenkt, all den tid ein kan gjere vedlikehald på leidningen utan å måtte gå til kvar einskild hytteeigar og be om lov, og ein unngår å grave opp tomta. Saksbehandlar legg til grunn at friområdet ikkje har nokon funksjon utover dette, samt at det skapar litt luft mellom tomt 19 og eksisterande feste 94/1/165. Friområdet kan fungere som akebakkel leikeareal for dei nærmaste tomtene, men har ingen funksjon for allmennheten.

Det som kan bli ei ulempe, er frost av vassleidningsdelen ved brøyting av stikkveg. Dette kjem ann på kor djupt leidningen er lagt. Samtidig vil ein også krysse nokre meter på nedsida med veg, slik at ein må legge som ein føresetnad at anlegget er tilfredsstillande utført.

Saksbehandlar ser poenget med noko slakare atkomst inn på sjølve tomta, og sender saka ut til høyring. Saksbehandlar ser dette som ei sak som kan behandlast som mindre endring etter § 12-14 i plan-og bygningsloven, og legg opp til dette i den vidare prosessen.

Saksbehandlar ser umiddelbart ikkje at denne justeringa er til ulempe, og er i utgangspunktet positiv til at endringa vert godkjent. Det kan likevel ligge lokale føresetnadar som saksbehandlar ikkje er kjent med her, og vil sjølv sagt ikkje ta endeleg stilling til saka før den har vore på høyring.

Vedtak:

Fjellstyret har ingen merknader til endringar.

Vedtaket er einstemmig.

Vestre Slidre fjellstyre den 29.4.10

Harald Ranum
sekretær

Utskrift: Vestre Slidre kommune
Statskog